



Medlemmane i SU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1984 - 14/27282

Saksbehandlar:

Randi Marie Nesbø

randi.marie.nesbo@lindas.kommune.no

Dato:

08.12.2014

Referat frå SU-møte 01.12.14

Til stades: Eli Aakre (FAU), Hege Agdal (FAU), Gullborg Tresnes (andre tilsette), Nina Eide (lærarane), Mathilde Fykse (lærarane), Bente Kronhaug (einingsleiar) og Sveinung Toft (Lindås kommune),

08/2014-15 Godkjenning av

- a) Innkalling - *Godkjend*
- b) Sakliste - *Godkjend*
- c) Referat frå møte 22.09.14 – *Godkjent*

09/2014-15 Skuleruta 2015 -2016

Framlegg til skuleruta 2015 -2016 er sendt ut på høyring. Høyringsfristen er 12.12.2014.

Høyringsuttale frå lærarane v/ Ostereidet barneskule. SU-møte 01.12.14

Det er pedagogisk «usunt» å ha ein 14 dagars ferie i vår-halvåret. Dette gjeld særskilt lese- og skriveopplæringa på småtrinnet, men og for 7.klasse som avgangsklasse. Det er viktig å halde læringstrykket oppe, og slik me ser det vil ein så lang ferie gjere at mange kan falle ut. I tillegg må det brukast tid på å fange elevane inn igjen og få dei i læringsmodus etter ferien. Me trur og at det kan få konsekvensar for 10.klasse som skal arbeide seg fram mot eksamen. Personalet ved skulen ynskjer vinterferie i veke 8, så 3 vekers arbeidsperiode før påskeferien. Personalet meiner og at skuleåret kan forlengast med 2 – 3 dagar om sommaren (21.06/22.06) og heller starte juleferien tidlegare (18.12).

Su ved Ostereidet barneskule stiller seg bak personalet si høyringsuttale.

10/2014 -15 Leksehjelp.

Levekår sitt framlegg til organisering av leksehjelpa i Lindås kommune er sendt ut på høyring. Høyringsfrist er 17.12.2014.

Høyringsuttale frå Ostereidet barneskule ved SU:

Ostereidet er bekymra for at leksehjelpa vil gå til dei som bur i nærrområde og ikkje treng skyss til og frå skulen. Det er viktig at det vert gitt ekstra midlar til leksehjelpa for å kunne sette inn ein pedagog i denne tida. Det er viktig at leksehjelp blir lønna som undervisning.

Forslag: Kontaktlærar kan ha ansvaret for leksehjelpa.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



11/2014 -15 Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2015 -2018. Einingsleiar informerer om planen.

SU ved Ostereidet har følgjande uttale til planen.

Om det blir vedtatt at Eikanger skule og Kløvheim skule skal leggast ned og kome til Ostereidet, ynskjer me dei velkomne. Samstundes vil dette vil få store konsekvensar for bygget på Ostereidet. Me ynskjer ikkje å tape eit rom som aktivitetsrommet. Dette blir brukt til musikkundervisning dagleg, samlingsrom, mat og helse-undervisning, avlastingsrom for større grupper. Me ynskjer ikkje å tape biblioteket som blir nytta til lesing, dataundervisning og gruppeundervisning. Me meiner og at det er viktig at Kulturskulen har eit eige rom i SFO-bygget for å oppretthalde eit kulturskuletilbod i bygda. Grupperom i dette bygget blir også nytta til spesialundervisning i skuletida.

- *SFO-bygget må utvidast.*
- *Klasseromma på Ostereidet har ein kvadratmeter som tilseier 18 – 22 elevar. Med klassar opp mot 25 – 30 vil det ikkje bli nok fysisk (og psykisk) plass.*
- *Med opp mot 200 elevar bør uteområdet utvidast.*
- *Det er truleg ikkje nok kontorplass til alle lærarar og assistentar, men det avheng nok av kor store kutt det blir framover...*
- *Ein kan nok spare på å leggje ned to skular, men kommunen vil ha store utgifter med å utvide Ostereidet barneskule til ein standard som er funksjonell fysisk og pedagogisk.*
- *Me ynskjer å gje alle elevane god undervisning, læringsutbytte, læringstrykk og sosial kompetanse. Gjeldande instansar må sjå på dette som dei viktigaste faktorane når dei avgjer politikken sin.*

12/ 2014-15 Eventuelt.

Einingsleiar informerer om at rektor Torill Persson Solli har søkt foreldrepermisjon frå 1. januar 2014 til 31.12.2014. Det vil bli lyst ut etter ny rektor i denne perioden i veke 50.

Ref.

Bente Kronhaug
einingsleiar

Mottakrar:
Medlemmane i SU